



# Gebyrregulativ for bygge- og delingssaker i Bygland kommune

Gjeldande frå 1.1.2020, vedteke i kommunestyret 11.12.2019, sak 109/19

## 1. Almennelike bestemmelsar

Gebyret er heimla i plan- og bygningsloven § 33-1

- 1.1 Gebyrkrav vert sendt til tiltakshavar eller rekvirent der ikkje anna er avtalt.
- 1.2 Sakshandsamingsgebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslegen.
- 1.3 Det vert ikkje gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest på søknadspliktige tiltak før sakshandsamingsgebyr er betalt.
- 1.4 Kommunen kan i visse høve kreve at sakshandsamingsgebyret skal vere betalt før søknad vert handsama.
- 1.5 Det skal ikkje betalast gebyr for handsaming av klagesaker.
- 1.6 Dersom eit gebyr er openbart urimelig kan rådmannen eller den som har fått fullmakt fastsette eit høveleg gebyr.
- 1.7 Klage på fastsetting av gebyr medfører ikkje lengre betalingsfrist.
- 1.8 Evt. klage på gebyr må sendast skriftleg til Bygland kommune der det vert handsama i plan-, miljø- og ressursutvalet. Fylkesmannen er endelig klageinstans.
- 1.9 Ved handsaming av ny tillatelse der tidlegare løyve har gått ut må det betalast fullt gebyr.
- 1.10 Gebyr bereiknast ut frå regulativet som gjeld den datoen kommunen har motteke ein komplett søknad.
- 1.11 Ved komplett søknad der det ikkje er behov for å innhente tilleggsopplysningar vert sakshandsamingsgebyret redusert med 20 %.

Auken i gebyrsatsane frå 2019 til 2020 vert sett til 3,1 % (deflator).

## 2. Dispensasjonsgebyr jfr. Plan- og bygningsloven kap. 19.

- |   |             |
|---|-------------|
| 2.1 Søknad om dispensasjon - politisk handsaming      | kr. 5.771,- |
| 2.2 Søknad om dispensasjon – administrativ handsaming | kr. 2.883,- |

## 3. Tiltak som krev søknad jfr. Plan- og bygningsloven kap. 20.

(gebyr for evt. dispensasjonsvedtak og godkjenning av lokal ansvarsrett kjem i tillegg)

- |  |             |
|--|-------------|
| 3.1 Tiltak som kan forestås av tiltakshavar jfr. § 20-4, a,b,c,d og e  | kr. 2.597,- |
| <b>3.2 Tiltak med krav om ansvarlig foretak jfr. § 20-3</b>  |             |
| 3.2.1 Fasadeendring, riving og installasjoner  | kr. 2.597,- |
| Innhegning mot veg og skilt og reklame   | kr. 2.597,- |
| Frådeling i tråd med plan  | kr. 1.447,- |
| Frådeling i uregulert strøk<br>( i tillegg kjem gebyr for handsaming av delingssøknad etter jordlova)  | kr. 2.883,- |
| 3.2.2 Tilbygg, vesentlig reoperasjon, bruksendring, ombygging, midlertidige konstruksjoner, vesentlige terrenginngrep og veg, parkeringsplass, landingsplass | kr. 5.193,- |



3.2.3	§ 20-3, oppføring av ny <b>bustad</b> med 1 bueining	kr. 8.660,-
	Tillegg pr. kvar ekstra bueining	kr. 4.330,-
	Søknad om bustad med fleire bygg på same eigedom	kr. 9.380,-
3.2.4	§ 20-3, oppføring av <b>fritidsbustad</b> med 1 bueining	kr. 12.989,-
	Tillegg pr. kvar ekstra bueining	kr. 4.330,-
	Søknad om fritidsbustad med fleire bygg på same eigedom	kr. 13.710,-
3.2.5	§ 20-3, oppføring av <b>nærings- industribygg</b> pr BRA pr. tomt	
	BRA 0 – 100 m2	kr. 2.597,-
	101- 200 m2	kr. 3.603,-
	201 – uavgr.	kr. 5.050,-
3.2.6	§ 20-1 Andre bygg og store konstruksjonar	kr. 8.660,-
3.2.7	For tiltak/bygg i tiltaksklasse 2 aukar satsane ovanfor med 25 %	
3.2.8	For tiltak/bygg i tiltaksklasse 3 aukar satsane ovanfor med 50 %	

Ved handsaming av søknad i to-trinn, vert ½ gebyr fakturert når det er gitt rammeløyve og ½ gebyr fakturert ved igangsettingsløyve.

#### 4. Endring av byggeløyve

4.1	Endring av tidlegare gitt løyve til tiltak jfr. § 20-3, 1/3 av fyrste gebyr for vedtak.	
4.2	Endring av tidlegare gitt løyve til tiltak jfr. § 20-4,	kr. 2.597,-
4.3	Endring av tiltakshavar	kr. 0,-

#### 5. Godkjenning av foretak for ansvarsrett, jfr. Plan- og bygningsloven kap. 22.

5.1	§ 22-3 Lokal godkjenning av føretak som har sentral godkjenning	kr. 287,-
5.2	§ 22-3 Lokal godkjenning av føretak som ikkje har sentral godkjenning	kr. 1.448,-
5.3	§ 22-3 Lokal godkjenning jfr SAK 10 § 6-8, «sjølvbyggar»	kr. 2.162,-

#### 6. Ulovlighetsoppfølging, jfr. Plan- og bygningsloven kap. 32.

6.1	Gebyr for manglande søknad om ferdigattest når kommunen har registrert at tiltak er tatt i bruk	kr. 2.883,-
6.2	Overtredelsesgebyr jfr. § 32-8, som SAK 10 § 16-1.	

#### 7. Timesats

	For tiltak som ikkje kan handsamast i medhald av satsar som nemnt ovanfor skal gebyr bereiknast etter medgått tid med timesats	kr 1.446,-
--	--	------------